

Spenstig avslutning på Uskedalen Cheercamp.

27.06.2018



Eldste gruppe under avslutningsshowet.

**Uskedalen Cheercamp som har pågått over fem dagar frå fredag, vart avslutta med eit sprekta show tysdag kveld. Eit mest fullsett amfi i Aktivitetshuset fekk oppleva årets sprekaste show i Uskedalen. Det gjekk eit gisp gjennom publikum med jamne mellomrom når deltakarane gjennomførte luftige svev, eller ballanserte på høgt plan!**



Yngste gruppe under showet tysdag.

Det er andre året dei fire ungdommane Nicole Ims, Christer Haga, Stian Løvik og

Alexander Soliman brukar litt av sommarferien sin til dette spreke og gode tilbodet til barn og ungdom her i kommunen. Før det var cheeleading ein del av FestidaGen-programmet i to år. Det er flott at det utvikla seg til denne campen, for då kan deltakarane få ei breiare innføring i denne spenstige og tøffe sporten. Gleda er stor over at det er planar om ein ny camp til neste år. Dette er ein aktivitet som det ikkje er mogeleg å få oppleva til dagleg her i kommunen.

Kjempepopulært er det og. Berre to dagar etter at påmeldinga var opna, var deltakarlista fullteikna. Einaste som er merkverdig i den samanheng er at det er så få gutter som deltar. I byane er cheerleading ein svært populær aktivitet for gutter også. Kanskje kjem fleire spreke kvinnheradsgutar med til neste år??



Anna Simone i imponerande ballanse før eit luftig svev.



Helene viste imponerande spenst og kroppsbehrskelse saman med mange andre.

Det var eit imponerande show publikum var vitne til tysdag. Det var formasjonsturn med imponerande samhandling og presisjon. Det var høgtflygande kast, ballansering på høgt plan og flikk-flakkar i fleng. I stort tempo! I flotte t-skjorter med spesiallaga logo og med deltakarnamn på ryggen. Eit gjennomført og flott show!! Heile tida utstrålte deltakarane glede. Sjølv i dei luftigaste sveva og dei mest halsbrekkande ballansekunstene var smilet på plass. Det fortel noko om tryggheten og meistringa dei opplever!

Eg er så imponert over det desse fire instruktørane gjev til lokale barn og ungdommar. Som noregsmeistrar er dei fagleg dyktige, men etter å ha fulgt med dei desse to åra er eg blitt imponert over kor gjennomført alt er, - frå planlegging og marknadsføring til gjennomføring. Det er tydeleg at mange meiner det same. Stemninga i salen tysdag og det rikhaldige kakebordet som foreldre bidrog til saman med instruktørane, fortel alt om det.

Vi seier berre. Velkommen tilbake neste sommar Nicole, Stian, Alexander og Christer. De har mange venner i Kvinnherad som ser fram til det!!



Instruktørane hadde ei imponerende oppvisning.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Edel Karin Lægland og Thor Inge Døssland.

